



Tilleggsinnkalling
av
Kommunestyret

Møtedato: 12.12.2019
Møtestad: Konferanserommet
Møtetid: 09:00 - 12:30

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
077/2019	Val av representant og vararepresentant til BKK viltfond

5. desember 2019

Jo Bjarte Tømmerbakke
møteleiar

Jo Bjarte Tømmerbakke
sekretær

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-033, FA-X42	19/45

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
077/2019	Kommunestyret	PS	12.12.2019

Val av representant og vararepresentant til BKK viltfond

Forslag til vedtak:

Modalen kommune vel som representant og.... som vararepresentant til BKK viltfond i perioden 2019 - 2023

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I konsesjonsvilkåra pkt. 14 for Eksingedalsreguleringa i 1966 vart Bergens Kommunale kraftselskap pålagt å betale eit årleg tilskot til eit *viltfond*, som i fellesskap skal forvaltast av kommunane Vik, Voss, Vaksdal og Modalen.

I brev frå *Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk* av 29.01.79 til kommunane, står det at midlane konsesjonæren pliktar å betale skal nyttast til «*opp hjelp av fiske og jakt*». Midlane skal delast slik at at 25% går inn på det felles viltfondet, medan 75 % vert betalt ut direkte til kommunane sine egne *fiskefond*.

Fondet/styret er registrert i Brønnøysundregistret sine «Enhetsregister» som ein stiftelse, ideell organisasjon, med organisasjonsnummer 977 153 956.

Dei fire kommunane skal kvar oppnemna ein representant med personleg vara som utgjer styret for viltfondet. Oppnemnde medlemar sit for valperioden 2019 – 2023.